

Statens vegvesen - Region Vest  
Askedalen 4  
6863 LEIKANGER

Dato: 23.06.2017  
Vår ref.: 2016/34887-3  
Saksbehandlar: torslin  
Dykkar ref.:

Att. Kari Kinden

## **Oppstart av planarbeid - Fv 28 Skånevik-Flesjo - Etne kommune - Krav om arkeologisk registrering**

Vi viser til Dykkar brev datert 12.12.2016 med varsel om oppstart av planarbeid i ovanfor nemnde sak, samt korrespondanse knytt til kulturhistorisk synfaring. Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt innan kulturminnevern.

Planen sin verknad på kulturminne og kulturmiljø skal dokumenterast og vurderast som eitt av punkta i planutgreiinga ved offentleg ettersyn. I planutgreiinga må det inngå omtale av kvart kulturminne og vurdering av verneverdi. I tillegg til forminne og bygningar/bygningsmiljø, er det her også viktig å få fram både steingardar, gamle ferdselsårer, utmarksminne, tekniske kulturminne og kulturlandskap. Ved offentleg ettersyn kan ikkje planen vere i konflikt med automatisk freda kulturminne, eller andre nasjonalt og regionalt viktige kulturminne.

Fylkeskonservatoren har no gjennomført ei synfaring av planområdet. Ut frå våre arkiv er det ikkje kartfesta automatisk freda kulturminne innanfor planområdet, men det ligg tett med SEFRAK-registrerte bygningar og ruinar langs traseen som krev utgreiing i det vidare planarbeidet. Dette er også situasjonen sør på garden Flesjo, gbnr. 125/1, der ruinar ligg nært opp til dagens vegtrase. Sjølve SEFRAK-tunet på garden let til å liggje utanfor plangrensa.

Flesjo er ein av øydegardane etter Svartedauden, noko som tilseier at den må ha blitt rydda i mellomalderen, om ikkje allereie i yngre jernalder. Etter synfaring på garden, blir bøane som ligg innafor plangrensa vurdert til å ha stort potensiale for bevarte spor under markoverflata etter gardsbusetting og jordbruksaktivitet i mellomalder og jernalder. Vi finn det difor naudsynt med ei arkeologisk registrering i delar av gardsområda på Flesjo, for å avgjere om tiltaket kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte automatisk freda kulturminne i marka. For å oppfylle undersøkingsplikta i høve Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner § 9, må dette gjennomførast før vi kan gje fråsegn til planen.

Vi har ikkje heimel til å krevje registreringa gjennomført før planen blir lagt ut til offentleg ettersyn, men det vil vere ein fordel for tiltakshavar å klarleggje spørsmål kring kulturminneverdiar i området på eit tidleg tidspunkt i planprosessen. I medhald av kulturminnelova §§ 9 og 10, må kostnadene ved registreringa betalast av tiltakshavar. Dersom det er ynskjeleg å få utført registreringa før planen blir lagt ut til offentleg høyring, ber vi om at tiltakshavar tek kontakt med

Fylkeskonservatoren i Hordaland fylkeskommune for å få stadfesta omfang av registreringa og utarbeida eit kostnadsoverslag.

Med helsing

David Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservator

Tore Slinning  
spesialrådgiver | arkeolog

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*